

# Retningslinjer for tilskot til Utvald kulturlandskap (UKL) Hjørundfjorden og Norangsdalen

Retningslinjene er utarbeidd på grunnlag av *Forskrift om tilskudd til tiltak i Utvalgte kulturlandskap i jordbruket og verdensarvområdene Vegaøyen og Vestnorsk fjordlandskap, FOR-2016-08-10-966*, og Forvaltningsplan utvalde kulturlandskap i jordbruket – Hjørundfjorden og Norangsdalen (2020)

## 1. Føremål

**Føremålet med tilskot til tiltak i Utvalde kulturlandskap er å medverke til å sikre verdier knytt til biologisk mangfald, landskap, kulturminne og kulturmiljø, og å sikre langsiktig skjøtsel og drift, jf. §1 i Forskrift om tilskudd til tiltak i Utvalgte kulturlandskap i jordbruket og verdensarvområdene Vegaøyen og Vestnorsk fjordlandskap. Ordninga skal medverke til å oppretthalde eit aktivt og levande kulturlandskap, ta vare på kultur- og kulturlandskapsverdier, og å hindre atgroing.**

## 2. Verkeområde

Regelverket gjeld for det utvalde kulturlandskapet i Hjørundfjorden og Norangsdalen, slik det er registrert i naturbase, under lokalitetsnummer KU00000038. ( <https://kart.naturbase.no/> )

## 3. Kven kan søkje?

Målgruppa for ordninga er personar eller verksemder som bidreg til å fremje føremålet med ordninga. Dette kan vere:

- Grunneigarar og drivarar
- Landbruksføretak
- Lokale entreprenørar/gründarar
- Kunnskapsmiljø
- Organisasjonar, foreiningar eller lag
- Kommunen og andre som bidreg til å fremje føremålet med ordninga

Dersom søker ikkje er grunneigar, må det ligge føre løyve frå grunneigar og eventuelt andre rettshavarar. I vurdering av kva søknader og tiltak som skal prioriterast, skal kommunen legge vekt på i kva grad kostnadane står i forhold til tiltakets mål og antatt effekt.

## 4. Korleis søker du?

**UKL ordninga er ein søknadsbasert ordning.**

Alle søknader skal skje elektronisk via:

<https://www.altinn.no/skjemaoversikt/landbruksdirektoratet/utvalgte-kulturlandskap-i-jordbruket/>

**Rettleiande satsar for eige arbeid er:**

- Manuelt arbeid kr. 350,-/time
- Person med motorsag e.l.kr. 400,-/time
- Traktor med fører kr 550,-/time

Satsane er samordna med satsane til Innovasjon Norge. Dersom Innovasjon Norge skulle justere satsane i planperioden vert satsane ovanfor justert tilsvarande.

## 5. Kva kan du søkje om tilskot til?

### 5.1 Årleg skjøtsel av areal og beiting innanfor UKL-området

#### Søknadsfrist 15. april

#### 60 % av ny årleg tildeling skal gå til årleg skjøtsel av areal og beiting innanfor UKL området.

Kommunen kan gje tilskot til søkjarar som mottek produksjonstilskot og som har husdyr sleppt på beite innanfor grensene til utvalde kulturlandskapet, i minst 5 veker. Tildelinga vil ta utgangspunkt i staden dyra blir sleppte ut på. Det at dyra bevegar seg naturleg oppover fjellsidene og tilhøyrande beitedalar utover sesongen, vil ikkje bli tillagt vekt. Beitinga skal bidra til at kulturlandskapet og arealtilstanden vert oppretthalden på lang sikt.

Kategoriar beitetilskot	Kr/dyr*
Sau/geit (vaksne inkl. fjorårslam)	100
Lam / kje	100
Storfe/hest (vaksne)	500
Storfe – ungdyr	500

\* Satsane er førebelse og kan bli justerte dersom talet på beitedyr blir vesentleg større eller mindre enn føresett.

Årleg beitetilskot vert fastsett etter tal søknader. Tal dyr på beite vil gje grunnlag for kva tilskot det blir for kvart beitedyr. Beiteverdien av sau / geit opp mot storfe/hest blir vurdert til å vere 1:5. Eit storfe/en hest skal ha tilskot tilsvarande 5 sauer/geiter.

Eigarar av område som ikkje ynskjer beitedyr, vert ved jamstilde søknader ikkje å prioritere.

#### Forvaltningsplanen har definert gruppering av kulturlandskapsområde i Hjørundfjorden og Norangsdalen:

- **A-områder** er: Stavset, Hustadneset, Skår, Leknes, Maude, Stennes og Finnes.
- **B-områder** er: Sætre, Kallneset, Leira, Viddal, Øye/Norangsdalen, Urke, Sæbøneset, Trandal, Ytre Standal, Indre Årsnes og Saltre.
- **C-områder** er **andre bustadområder** innan UKL-området

Aktive produsentar og areal i drift skal prioriterast ved søknad om arealtilskot.

Kategoriar arealtilskot	Kr/daa*
Skjøtsel av dyrka mark, sone A eller andre prioriterte areal med godkjent forvaltningsplan	100
Skjøtsel av dyrka mark, sone B	0
Skjøtsel av innmarksbeite sone A	0
Skjøtsel av innmarksbeite sone B	0

NB: Dyrka jord er fellesnemning på fulldyrka og overflatedyrka jord. \* Satsane er førebelse og kan bli justerte dersom areal blir vesentleg større eller mindre enn føresett.

## **5.2 Eingongstiltak / investeringstiltak på grunnlag av kvalifisert kostnadsoverslag**

### **Søknadsfrist 15. april**

### **40 % av årleg tildeling**

Det kan søkjast tilskot til tiltak innan:

- Istandsetjing, vedlikehald og skjøtsel av bygningar og andre kulturminne
- Istandsetjing, vedlikehald og skjøtsel av areal
- Nødvendig planlegging av tiltak / prosjekt
- Formidlingstiltak
- Kartlegging og dokumentasjon av landskapsverdiar
- Tilrettelegging for ferdsel
- Gjennomføring av arrangement, kurs, fagdag eller liknande
- Andre tiltak som fremjar føremålet med ordninga

**For å fordele tilskot til flest mogleg gode prosjekt, set ein eit øvre tak for kostnadsoverslag til kr 200.000 for kvart tiltak.**

- Tilskotsandelen for enkelttiltak skal normalt ikkje overstige 70 % av kostnaden med tiltaket. For fellestiltak eller tiltak med stor samfunnsnytte, kan ein gi inntil 100 % tilskot.
- For tiltak på bygningar og anlegg som blir brukt til private formål (næring, bustad eller fritidsbustad) kan ein gi inntil 50 % tilskot ved høg verneverdi. Der bygningen har mindre verneverdi eller der fordelene for søker er stor (verdiuke, heving av bu-standard m.v.) kan tilskotsandelen bli redusert. Ved tilskot til bygningar skal det føreligge ein tilstandsvurdering av bygninga.
- For planleggingstiltak og tiltak som gjeld ivaretaking av fellesgode og samfunnsverdiar, kan ein gi inntil 100 % tilskot. Eksempel på slike tiltak er skjøtsel av kulturminner og biologisk mangfald, eller tilrettelegging for publikum i form av skilting eller opparbeiding av sti.

**Tilskot til bygningar og andre kulturminne** føresetnad om at istandsetjinga skjer etter antikvariske prinsipp, dvs reparasjon av bygning framfor utskifting. Dersom enkeltdele må bytast, bør det brukast same type material og utføring som det opprinnelege.

### **Tiltak til tilbakeføring / rydding av areal:**

- Areal som vert rydda til nye beiteområde for husdyr.
- Areal som tidlegare har vore kulturmark, men som no er attgrodd. Gamal kulturmark er areal som er prega av jordbruksdrift, kor vegetasjonen er prega av naturleg førekommande artar, men med ei samansetning som skil seg frå det ein finn i naturen elles. Dei gamle kulturmarkene er forma av tradisjonelle driftsmetoder over lang tid, og er avhengig av faktorar som beitebruk, slått, rydding, brenning eller styving for å bestå.
- Areal som er viktige for allmenn ferdsel, rekreasjon og reiseliv.

Ved rydding/ skjøtsel / gjerding av gammal kulturmark og reetablering av areal vert det sett eit tak på kostnad per dekar på maks kr 3.300.

Kommunen kan gje **tilskot til drift og skjøtsel av areal** (dyrka mark, overflatedyrka mark og innmarksbeite) i samsvar med dei målsetjingane som er fastsett i " Forvaltningsplan utvald

kulturlandskap i jordbruket – Hjørundfjorden og Norangsdalen ” av 2020. Skjøtselen må vere slik at **arealtilstanden vert oppretthalden over tid.**

### **5.3 Prioritering av tiltak**

- 5.3.1. Skjøtsel og drift av areal (så fremt det er søkjarar)
  - a. Beitedyr, inkl. utgifter til frakt av dyr til/frå beite
  - b. Slått / skjøtsel av areal
  
- 5.3.2. Eingongs- / investeringstiltak, areal, biologisk mangfald, kulturminner og miljø
  - a. Istandsetjing/vedlikehald av bygningar og andre kulturminne
  - b. Istandsetjing/vedlikehald av areal
  - c. Tiltak for kartlegging og bevaring av truga artar og fjerning av uønskte artar
  - d. Gjerding, «nofence»-teknologi og tilsvarande
  - e. Andre tiltak for drift og skjøtsel av areal
  - f. Formidlings-, drifts- og dokumentasjonsarbeid knytt til kulturminne og miljø
  - g. Rydding/merking av vegar/stiar tilknytt kulturminner og miljø
  - h. Andre tiltak for bevaring av kulturminner og miljø

## **6. Arbeidsfrist**

Arbeidsfrist for eingongstiltak / investeringstiltak er 3 år. Ein kan få forlenga arbeidsfristen etter søknad, inntil 5 år frå tilskotet vart løyvd.

## **7. Utbetaling av tilskot og krav om rapportering**

Årleg skjøtsel blir betalt ut årleg, etter rapport.

Det kan betalast ut tilskot etter kvart som deler av tiltaket vert utført, på bakgrunn av godkjent dokumentasjon. Men minst 25 % av tilskotet skal haldast attende til tiltaket/prosjektet er slutført. Kommunen betalar ut det løyvde tilskotet etter at tiltaket/prosjektet er dokumentert gjennomført, og etter at kommunen har godkjent sluttrapport, sluttregneskap og sett til at vilkåra for løyvinga er oppfylt.

## **8. Klage**

Vedtak som er fatta av kommunen kan klagast inn til Statsforvaltaren etter reglane i Lov 10. februar 1967 om behandlingsmåten i forvaltningssaker (forvaltningslova) kap. VI. Eventuell klage skal sendast til Ørsta kommune. Klagefrist 3 veker.

## **9. Opplysningsplikt og kontroll**

Søkjar av tilskot plikter å gje alle opplysningar som kommunen, Statsforvaltaren og Landbruksdirektoratet finn nødvendig for å kunne forvalte ordninga.

Kommunen, Statsforvaltaren og Landbruksdirektoratet kan kontrollere at bruken og utbetaling av tilskot er i tråd med vilkåra. Søkjar plikter å utlevere all bokføring, korrespondanse og oppteikningar som vedkjem tilskotet. Kommunen, Statsforvaltaren og Landbruksdirektoratet kan foreta stadleg kontroll.

## 10. Omgjering og attendebetaling

Tilskot som ikkje er brukt i samsvar med tildelingsvedtaket kan krevjast betalt attende. Kommunen kan gjere om vedtak om løyvde tilskot, og utbetalt tilskot kan krevjast betalt attende dersom det blir avdekka forhold som er i strid med det som er føresett ved løyving av tilskotet. For krav om attendebetaling av tilskot kan det krevjast renter etter Lov 17. desember 1976 nr. 100 om renter ved forsinka betaling m.m.

## 11. Rullering av retningslinene

Retningslinene blir oppdatert årleg på grunnlag av årleg styringsbrev frå Kommunal og Moderniseringsdepartementet og Statsforvaltaren i Møre og Romsdal, samt innspel frå arbeidsgruppa for utvalde kulturlandskapet Norangsdalen og Hjørundfjorden og årlege handlingsplanar.

Årlege tilskotssatsar innan beiting og skjøtsel av areal blir fastsett av administrasjonen ved landbrukskontoret, etter kva søknadar som kjem inn. Større endringar i retningslinene skal godkjennast av kommunestyra i Ørsta kommune og Volda kommune.

## 12. For meir informasjon

- Forskrift om tilskudd til tiltak i Utvalgte kulturlandskap i jordbruket og verdensarvområdene Vegaøyan og Vestnorsk fjordlandskap, (FOR-2016-08-10-966), sjå: <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2016-08-10-966>
- Landbruksdirektoratet si side om Utvalde kulturlandskap i jordbruket, sjå: <https://www.landbruksdirektoratet.no/no/miljo-og-okologisk/kulturlandskap/utvalgte-kulturlandskap>